

Styrking av barnevernsvaktordninga

Prosjektet handlar om utvikling og iverksetting av modell for interkommunal aktiv barnevernsvakt for små og mellomstore kommunar. I prosjektet skal vi utvikle ein modell for berekraftig drift av ei barnevernsvakt, som kan bidra til betre tenester for innbyggjarar i akutte situasjonar og ei betre løysing av samfunnsmandatet til barnevernstenesta totalt sett. Prosjektet har som prioritert oppgåve å bygge opp eit interkommunalt team som skal utvikle spisskompetanse på å møte barn og familiar i krise, kor bekymringa er av ein slik art at barnevernstenesta lyt vurdere hasteplassering.



Fotograf: Tatiana Reubrecht. Rettar: Esther Vetås

Bakgrunn

Øygarden og Askøy kommunar har, på lik linje som fleire andre kommunar i Vestland, lenge hatt eit interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt, som i hovudsak har vore løyst i form av bakvaksordning. Etter ulike forsøksordningar så viser erfaringa at når barnevernsvaktordninga vert kombinert med sakshandsamingsarbeid- og ansvar, blir den totale belastninga på dei tilsette for stor. Det fører også til ustabilitet i den regulære drifta av barnevernstenesta. Erfaringar viser også at denne organiseringa av beredskap ikkje gav tilstrekkeleg rom til førebyggjande arbeid, i akuttsituasjonar for å forhindre hasteflyttingar.

Målgruppe

Barn og familiar som treng akutt bistand frå barnevernstenesta.

Hovudmål

- Fagleg god og effektiv drift av barnevernsvakt i små og mellomstore kommunar.
- Førebygge hasteplasseringar i akutte situasjonar.

Kva skal vi utvikle?

Ein berekraftig modell for aktiv barnevernsvakt som både er meir tilgjengeleg for innbyggjarane og kan bidra til å utføre fleire oppgåver for barnevernstenestene, til dømes samarbeids- og informasjonsarbeid, kontrollbesøk, førebygging av hasteplasseringar med meir.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Laila Grønn-Jensen, e-post Laila.Gronn-Jensen@oygarden.kommune.no

Esther Vetås, e-post Esther.Vetas@oygarden.kommune.no

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom barnevernstenestene i Øygarden og Askøy og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland.

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)